



# DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokneråd

## Møteprotokoll

---

**Råd:** Undheim sokneråd  
**Møtestad:** Undheim kyrkje kjellaren  
**Dato:** 29.11.2023  
**Tid:** Kl. 19:00

---

| <b>Følgjande medlemmer møtte</b> | <b>Rolle</b> |
|----------------------------------|--------------|
| Arnfrid Bjelland                 | Medlem       |
| Hanne Brit Sandsmark             | Medlem       |
| Ivar Risa                        | Medlem       |
| Oddvar Undheim                   | Medlem       |
| Roald Byberg                     | Medlem       |
| Tordis Sandvik                   | Medlem       |

**Forfall**  
Per Arne Undheim

**Varamedlem**  
Synnøve Charlotte Meling  
Gauksås

**Andre som møtte:**  
Frode Skarland

### Sakliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>                                                                                       |
|----------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 057/23         | Godkjenning av innkalling                                                                               |
| 058/23         | Godkjenning av referat frå førre møte.                                                                  |
| 059/23         | Meldingssaker                                                                                           |
| 060/23         | Delegasjonsreglement for dagleg leiar og AU (arbeidsutval) for Undheim sokneråd 01.11.2023 - 31.10.2027 |
| 061/23         | Dato for årsmøte i 2024                                                                                 |
| 062/23         | Møteplan for Undheim sokneråd 2024                                                                      |
| 063/23         | Møtegodtgjering for deltaking i soknerådet 2023-2027                                                    |
| 064/23         | Gudstenesteutval for soknerådsperioden 2023-2027                                                        |
| 066/23         | Overskot frå kyrjekollektar til misjonsprosjektet                                                       |
| 065/23         | Misjonsprosjekt perioden 01.11.2023 - 31.10.2027                                                        |
| 067/23         | Offerfordeing Undheim sokn 2024                                                                         |
| 068/23         | Søknadar om tildeing av støtte frå Undheim sokneråd                                                     |
| 069/23         | Plan for å invitere tilsette til soknerådsmøta                                                          |
| 070/23         | Vårfesten 17.03.2024                                                                                    |

### 057/23 Godkjenning av innkalling

**Forslag til vedtak:**  
Innkalling blei godkjent.

## **29.11.2023 Undheim sokneråd**

### **US - 057/23 Vedtak:**

Innkallinga blei godkjend.

## **058/23 Godkjenning av referat frå førre møte.**

### **Forslag til vedtak:**

Referat frå sist møte blei godkjent.

## **29.11.2023 Undheim sokneråd**

### **US - 058/23 Vedtak:**

Referatet frå sist møte blei godkjent.

## **059/23 Meldingssaker**

### **Forslag til vedtak:**

Meldingssakene blei tatt til orientering.

## **29.11.2023 Undheim sokneråd**

### **Behandling:**

Det er lurt å ta med styret i vurdering om kva ein skal gjera vidare med Påfyll og innhaldet i det.

### **US - 059/23 Vedtak:**

Meldingssakene blei tekne til orientering.

## **060/23 Delegasjonsreglement for dagleg leiar og AU (arbeidsutval) for Undheim sokneråd 01.11.2023 - 31.10.2027**

Soknerådet oppretta eit arbeidsutval og vedtok foreslått delegasjonsreglement for dette og dagleg leiar.

## **29.11.2023 Undheim sokneråd**

### **Behandling:**

Soknerådet må få bli informerte om det som skjer i Fellesrådet.

### **US - 060/23 Vedtak:**

Delegasjonsreglementet for AU og dagleg leiar blei vedteke slik det stod i forslaget.

## **061/23 Dato for årsmøte i 2024**

Soknerådet held årsmøte etter gudstenesta 17.03.2024, same dag som Kyrkjestyret har sitt årsmøte.

## **29.11.2023 Undheim sokneråd**

### **US - 061/23 Vedtak:**

Årsmøte for Undheim sokneråd blir 17.03. etter gudstenesta.

## **062/23 Møteplan for Undheim sokneråd 2024**

### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

#### **Behandling:**

Frode og Arnfrid byter dag for opning i forhold til forslaget.

#### **US - 062/23 Vedtak:**

Møteplanen blei vedteken slik han var foreslått, men 16.09.24 blei endra til 16.10. (det var ein feil i forslaget).

## **063/23 Møtegodtgjering for deltaking i soknerådet 2023-2027**

Kvart einskild soknerådsmedlem sender ein e-post til dagleg leiar og skriv om det ønsker å motta møtegodtgjering, eller om pengane skal gå vidare til soknerådet sitt budsjett. Ingen andre enn dei som er involverte i rekneskapen vil få veta kva den einskilde vel.

### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

#### **US - 063/23 Vedtak:**

Kvart medlem i soknerådet sender ein e-post til Frode om dei ønsker å få pengane for oppmøte i soknerådet utbetalt, eller om beløpet skal bli gjeve som ei gåve til soknet.

## **064/23 Gudstenesteutval for soknerådsperioden 2023-2027**

Undheim sokneråd oppretter gudstenesteutval for perioden 01.11.2023 til 31.10.27, og ønsker at dei som allereie sit i utvalet får halda fram som medlem i utvalet.

### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

#### **Behandling:**

Spesielt med tanke på gudstenestene for store og små, er det bra om søndagsskulen er med i gudstenesteutvalet.

#### **US - 064/23 Vedtak:**

Undheim sokneråd oppretter gudstenesteutval for perioden 01.11.2023 til 31.10.27, og ønsker at dei som allereie sit i utvalet får halda fram som medlem i utvalet.

Dagleg leiar høyrer med søndagsskulen om dei vil vera med i gudstenesteutvalet.

## **066/23 Overskot frå kyrkjekollektar til misjonsprosjektet**

### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

#### **US - 066/23 Vedtak:**

Det overskytande beløpet på til saman 5122 kroner skal bli betalt direkte til familien English i Tsjekkia.

### **065/23 Misjonsprosjekt perioden 01.11.2023 - 31.10.2027**

#### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

##### **Behandling:**

Det bør stå i Møteplassen om kva som skjer i misjonsprosjektet, og det må òg informerast om på gudstenestene.

##### **US - 065/23 Vedtak:**

Soknerådet vedtek å videreføra misjonsprosjektet Josiah Venture i denne soknerådsperioden (2023-2027) der soknerådet garanterer for at det skal overførast minst 12 000 kroner kvart år til prosjektet. Kvart år let me 4 offer gå til prosjektet. Kjem det inn meir enn 12 000 kroner på dei fire offringane, gjer soknerådet vedtak om kvorleis desse pengane skal bli forvalta. Pengane skal bli brukt til noko som har med misjonsprosjektet å gjera.

### **067/23 Offerfordeing Undheim sokn 2024**

#### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

##### **US - 067/23 Vedtak:**

Soknerådet vedtok planen som ligg vedlagt som "Offerplan 2024 for Undheim sokn".

### **068/23 Søknadar om tildeing av støtte frå Undheim sokneråd**

#### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

##### **US - 068/23 Vedtak:**

Undheim sokneråd støttar "Velkommen hjem" med 10 000 kroner.

Gåveaksjonen til Frøyland/Orstad får 10 000 kroner.

### **069/23 Plan for å invitera tilsette til soknerådsmøta**

#### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

##### **US - 069/23 Vedtak:**

Soknerådet inviterer i denne rekkefølga til å komma på møtet:

- Lars Sigurd
- Mona og Oda
- Praxedes - diakoni

- Kari
- Ingfrid og Ragnhild (dersom den eine ikkje kan, splittar me dei, slik at dei går kvar for seg).

### **070/23 Vårfesten 17.03.2024**

#### **29.11.2023 Undheim sokneråd**

##### **US - 070/23 Vedtak:**

Soknerådet meiner at Laust og fast fungerer så godt at vårfest og haustfest blir overflødig. Dagleg leiar informerer diakonen Praxedes om dette. Tordis tek opp med komitéen for Laust og fast om me skal gjennomføra den planlagte festen 17.03.24.